



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 26.01.2012
Vår ref.: 2011/13076
Arkivnr.: 008

Justisdepartementet, Innvandringsavdelinga
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fimro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyringsfråsegn NOU 2011:10 I velferdsstatens venterom

Fylkesmannen i Rogaland viser til kap 19 i utgreiinga og har slike merknader:

Fylkesmannen i Rogaland er samd med utvalet når det gjeld framlegget om at det må innførast lov- og forskriftskrav for mottakstilbodet og for tilsyn med tilbodet. Vi er også samde i at tilsynet bør ha lovlegkontroll som føremål, på same måten som tilsynet med kommunar og fylkeskommunar. Det bør avklarast i regelverket korleis forvaltningslova sine reglar om klagerett skal gjelde ved tilsyn, og vi vil peike på at regelverket bør utformast slik at grensa mellom minstekrav i lova og det skjønsmessige handlingsrommet for mottakstilbodet er tydeleg. Elles er vi samde med utvalet når det gjeld sanksjonar, slik det går fram i forslag til § 13 i kap 32.

Fylkesmannen i Rogaland er også samd med utvalet sitt framlegg om å leggje tilsynsansvaret til Fylkesmannen. Fylkesmannen har etter kvart brei erfaring med tilsyn, både med kommunar og fylkeskommunar, med offentlege verksemder og med privat drivne verksemder, på ei rekkje område. Denne erfaringa vil vere særst tenleg også i tilsyn med asylmottak. Fylkesmannen har dessutan mange oppgåver knytte til innvandarområdet (t.d. etter introduksjonslova og opplæringslova) som inneber relevant og nyttig kompetanse i tilsynsarbeid på feltet. I løpet av 2012 blir også tilsynsoppgåva etter introduksjonslova lagd til Fylkesmannen.

Utvalet peikar på at det er behov for forsterka tilsyn med mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar, og at slike tilsyn bør inkludere samtalar med dei som bur i mottaket. Fylkesmannen har kompetanse til og erfaring med slike samtalar i samband med tilsyn både på barneverns- og opplæringsområdet.

Så er Fylkesmannen i Rogaland ikkje samd med utvalet når det gjeld framlegget om å gi tilsynsoppdraget berre til eitt embete. Dei fleste fylke har fleire mottak, og vi vil tru at omsynet til kompetanse, kvalitet og effektivitet vil bli minst like godt ivaretatt ved å gi oppdraget til alle embete, på same måten som hovudregelen for oppdrag til Fylkesmannen tilseier. Slik vil desse

tilsynsoppgåvene bli integrerte i anna tilsynsarbeid hos Fylkesmannen. Utvalet peikar sjølv i kap 19.2.1 på at rettleiing er ei viktig side ved tilsynsarbeidet, og at nærleik til tilsynsobjekta såleis er viktig for å byggje tillit og skape forståing for at regelverket skal følgjast. Embeta har kvar for seg brei kunnskap om regionale og lokale forhold som både kan styrkje sjølve tilsynsarbeidet og medverke til god samordning med tilstøytande oppgåver. Det er utenkjeleg at eitt embete skal kunne tileigne seg slik regional og lokal kunnskap. Elles vil svært mykje tid går med til reiseverksemd heller enn til tilsyn dersom tilsynsoppdraget blir lagt til eitt embete.

Endeleg vil vi peike på at det ressursmessige omfanget for tilsynsarbeidet er uklart frå utvalet si side. Etter det vi kan sjå, er tilsynsoppgåva rekna til 14,5 årsverk i kap 19.5.4.4 (s.163) og 4,3 årsverk i kap 19.7.1 (s.165), i tillegg til eitt årsverk til klagebehandling. Vi vil poengtere at tilsyn ikkje er nokon "einmannsjobb" - både omsynet til den praktiske gjennomføringa av tilsynet og omsynet til sårbarheit inneber at det må vere to på kvart tilsyn. Dette treng likevel ikkje innebere større ressursbruk samla sett. Vi vil tru at ei tildeling på minimum eitt årsverk pr embete, altså noko meir enn det utvalet reknar med, vil vere forsvarleg. Då tar vi også høgde for at ei ny oppgåve føreset noko tid til kompetanseutvikling og samarbeid med oppdragsgivar for å sikre lik praksis. Elles vil ev svingingar i behovet for tilsyn på grunn av skifte i mottaksbehov og –kapasitet enklare kunne handterast dersom tilsynsoppdraget blir gitt til alle embete etter hovudregelen.

Med helsing

Harald Thune
fylkesmann

Sølvi Ona Gjul
utdanningsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av Fylkesmannen i Rogaland

Saksbehandlar: Sølvi Ona Gjul
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 26
E-post: solvi.ona.gjul@fmro.no

Kopi til:

FAD v/Synnøve K. Bøen, Statsforvaltningsavdelinga, Fylkesmannssekksjonen Postboks 8004 Dep 0030 OSLO